



Hovdebygda IL – langrenn

Sportsleg årsmelding for sesongen 2015.

Sesongen 2015 var ein lang og innhaldsrik sesong, med aukande rekruttering, og vesentleg fleire foreldre som var engasjert.

Noko av det vi huska best var den snørike vinteren på Bondalseidet og det gode frammøtet på treningane, og at vi på det første og siste av renna i sparebanken Møre cup, var største idrettslaget i Møre og Romsdal.

- Vi arrangerer fellestreningar heile året.
- Totalt deltok 65 ivrige langrennsløparar på trening, små og store.
- HIL hadde i 2015, 50 aktive som gjekk skirenn på tid.
- I tillegg kjem alle dei som deltok på Sparebank1/ Labb- og Line renn.
- Vegard Røyarhus, M17, som greidde ein 41. plass i skøyting i Norgescupen på Nes i Akershus, og vann Sparebanken Møre-cup samanlagt (Møre og Romsdal)
- Ingvild som greidde fleire topp-10 plasseringar i Norgescupen for junior K19/20.
- Vi arrangerte 2 stk. Sparebank1 -rulleskicup.
- Vi arrangerte landsrenn Sparebanken Møre –cup for Møre og Romsdal skikrets.
- Vi arrangerte sonerenn
- Vi arrangerte 4 stk. Sparebank1-cup/Labb- og Line, på ski på Bondalseidet.
- Vi feira HIL sitt 100 års jubileum der vi arrangerte rulleskirenn under aktivitetdagen.
- Vi skreiv ein rikt illustrert artikkel i boka Hovdebygda IL 100 år.

Resultat:

Av resultat kan vi nemne mykje, men viser til at Hovdebygda il-ski har hatt god pressedekning frå dei fleste skirenna vi har hatt deltakarar på.

Hovdebygda IL-ski og dei aktive løparane, og ikkje minst Vegard Røyrhus og Ingvild Øye får mykje omtale både i papir avisa og [morenytt.no](http://www.morenytt.no). Her er nokre døme::

<http://www.morenytt.no/sport/article10807893.ece>

<http://www.morenytt.no/sport/article10806089.ece>

<http://www.morenytt.no/sport/article10531755.ece>

<http://www.morenytt.no/sport/article10576100.ece>

<http://www.morenytt.no/sport/article10630612.ece>

<http://www.morenytt.no/sport/article10658036.ece>

<http://www.morenytt.no/sport/article10661719.ece>

<http://www.morenytt.no/nyheiter/article10552691.ece>

<http://www.morenytt.no/sport/article10576978.ece>

Ingvild Norges cup i Harstad

Vegard vinnar av kretscupen, stor tropp frå HIL i Valldal

HIL sitt landsrenn i januar 2015

Vegard kretsmeister i klassisk

Sonerennet i februar 2015

Ingvild Norgescup på Nes i Akershus

Vegard Norgescup på Nes i Akershus

Ingvild Norgescup på Hadeland

Ingvild i Uglarennet

Rulleskiprosjektet.

Rulleskiprosjektet vart gjennomført heilt etter planen, men at vi skulle få ei slik god effekt ut av det, hadde vi ikkje trudd.

Rulleskiprosjektet vart fødd i ein snøfattig vinter 2014. Dette hadde vi nytte av heile hausten 2015, med god deltaking på treningane og på rulleski-cupen.

Sparebank1 har gitt oss prosjektmidlar på kr. 30 000.- Og mødregruppa gav oss kr. 10 000.- i 2014 og kr. 9000.- i 2015.

Dette er pengar som gjer at vi gjennomfører heile prosjektet med innkjøp av rulleski for utlån.

Alt no har rulleskiprosjektet gitt det resultat at rekrutteringa har auka svært mykje.

Treningssamlingar:

I oktober var det – samling på Ullsheim i Stryn. Denne samlinga vart serdeles nyttig og kjekk for alle som deltok. Samlinga starta på laurdag, overnatting på klubbhuset på Ullsheim og avslutta på søndag.

Ingvild var på trening i Livigno i juli og Val Senales i oktober, og vil no prøve seg i senior klassa i nokre fristil langløp sesongen 2016 med nasjonal og internasjonalt deltaking.

Vegard Røyrhus og Åsmund Brunstad Øyehaug har vore på juniorkretsaget til Møre og Romsdal skikrets.

Adrian Flaate og Jon Olav Hofseth Hatløy har vore med på samlingssamarbeidet Storfjordlangrenn.

Våre egne skirenn:

Sparebank1-cup/Labb- og Line renna,

4 skirenn for born og vaksne i alle aldrar.

Start og mål ved på langrennstadion på Bondalseidet. Om lag 50 frå 8 år og eldre og i tillegg om lag 25 i klassa 7 år og yngre. 2 første renna vart arrangert som skøyterenn, så vart det klassisk på det 3. rennet og det 4. og siste vart arrangert som 2-manns sprint stafett.

Landsrennet Sparebanken Møre-cup i januar

Rennet vart arrangert i skøyting og sidan Hovdebygda IL hadde med 30 deltakarar, vart det HIL som hadde flest deltakarar.

Sonerenn

I februar vart det arrangert sonerenn i fristil, der det vart laga til hinderløype eller skileik løype.

Sparebank1 rulleskicup, 2 renn vart arrangert, det første i oktober og det siste i november. Mange år sidan vi hadde arrangert ein slik cup, og deltakinga frå eige lag var god. Vi hadde invitert naboklubbar i Nordfjord og Emblem + Volda skiskyting, men nesten ingen av dei deltok.

Treningar.

Gruppe 7-9 år:

Vinter

Treningane for desse la vekt på skileik og kjekke øvingar. Godt frammøte heile vinteren.

Trenarar: Runar Gretland og Johnny Riise, i tillegg fleire foreldre som hjelper til.

Haust

Tysdagar var det trening i gymsalen, leia av Gry Vatne og Elisabeth Gretland.

Torsdagar var det rulleskitrening leia av Johnny Riise.

Gruppe 10-12 år:

Vinter

Veldig godt frammøte heile trenings sesongen.

Trenarar: Dag Jarle Aa, Geir Flote, i tillegg fleire foreldre som hjelpte til.

Haust

Tysdagar var det kobinert utetrening for kondisjon, spenst og hurtigheit og siste delen inne i gymsalen. Begge deler leia av Martin Berg Volden, student frå Høgskolen i Volda.

Torsdagar var det rulleskitrening leia av Dag Jarle Aa og Runar Gretland

Gruppe 13 år og eldre:

Vinter

Denne gruppa har hatt stabil oppmøte og torsdagar på hausten har det vore trena i lag med VTI ski, skiskyttera frå Volda.

Trenarar: Matias Kårstad, Hans Olav Sætre, Olve Øyehaug

Haust

Tysdagar var det kondisjonstrening leia av Anders Skaar frå Høgskolen i Volda.

Torsdagar var det rulleskitrening leia av Anders Skaar og Hans Olav Sætre.

Onsdagstreningane:

Treningane vart starta i mai 2014 og har halde på sidan det. På det meste er det 10 som kjem på desse treningane, stundom ferre enn det.

Trenar: Bjørnar Øye

Skigymnaset på Stranda.

Vegard Røyarhus og Åsmund Brunstad Øyehaug deltok på treningane i regi av Skigymnaset på Stranda.

Høgskulen i N-Trøndelag, avd. Meråker.

Ingvild Øye deltok på samlingar og fellestreningar på Høgskulen i N-Trøndelag, avd. Meråker.

Hovdebygda IL har hatt deltakarar på eigne rekrutteringsrenn, sonerenn/kretsrenn/landsrenn/Norgescup junior/Norges Meisterskap junior/Norges meisterskap senior/Midt norsk meisterskap/Sparebank1 rulleskicup/Storlirennnet.

Deltakarar på skirenn sesongen 2015, frå Hovdebygda IL. Om lag halvt om halvt jenter/gutar.

- | | |
|------------------------------|-------------------|
| 1. Jon Weider | G8 |
| 2. Sondre Vatne Haram | G8 |
| 3. Ole Christian Refvik | G8 |
| 4. Knut Ryste Aambø | G8 |
| 5. Marius Saure Riise | G9 |
| 6. Mats Djupvik | G9 |
| 7. Ådne Sekkesæter Salvesson | G9 |
| 8. Simen Vatne Haram | G10 |
| 9. Jørgen Gretland | G10 |
| 10. Luckas Loe Selbervik | G10 |
| 11. Johan Vågsholm | |
| 12. Håvard Sætre | G11 |
| 13. Ole Gretland | G11 |
| 14. Sjur Weider | G12 |
| 15. Adrian Flote | G14 |
| 16. John Olav Hofseth Hatløy | G15 |
| 17. Olai Øyehaug | G16 |
| 18. Vegard Røyarhus | M17 |
| 19. Åsmund Brunstad Øyehaug | M18 |
| 20. Runar Gretland | M senior |
| 21. Johnny Riise | M senior |
| 22. Bjørnar Øye | M senior |
| 23. Matias Kårstad | M senior |
| 24. Dag Jarle Aa | M senior |
| 25. Guttorm Øye | M senior, veteran |

26. Hans Olav Sætre	M senior, veteran
27. Jostein Ringset	M senior, veteran
28. Mia Nygård	J8
29. Sienna Ødegård	J8
30. Eva Berge	J8
31. Mathilde Rebbestad Ryste	J8
32. Mia Vatne Aa	J8
33. Ingrid Elisabth Saure Riise	J8
34. Mathea Loe Selbervik	J8
35. Dorthea Gretland	J8
36. Elise Ruud	J8
37. Ada Celine Gundersen	J9
38. Mari Øyehaug	J9
39. Frøya Eid	J9
40. Agnes Rebbestad Ryste	J10
41. Hanna Saure Riise	J11
42. Oda Flåskjer	J11
43. Emilie Flote	J11
44. Helena Nygård	J11
45. Nathalie Vatne Aa	J11
46. Svea Gretland	J14
47. Maria Sætre	J14
48. Åse Øyehaug	J14
49. Ingvild Øye	K 19/20
50. Elisabeth Gretland	K senior

Sosiale tiltak:

I November arrangerte vi **SKIKVELD**, der 65 interesserte møtte fram til foredrag og informasjon. Fokus på skiutsyr, trening og enkel skismøring. Foreddragshaldarar var Arve Heimdal frå Madshus, Ole Henrik Robarth frå Fischer, Bjørnar Øye om trening for barn og ungdom og Guttorm Øye om smøring av langrennski

Oktober samlinga i Stryn, omtala lenger oppe, var veldig fin sosial samling

Bedrifta Ulstein fekk besøk av Guttorm som heldt kurs i smøring av langrennski. Godt frammøte.

I samband med avslutningshelga i Stordal og Valldal var det felles tur for Hovdebygda IL, med overnatting i Valldal, bowling på Kulå ++++.

Anleggsutbygging – Bondalseidet.

Hovdebygda IL har delteke på dugnadar for å halde vedlike langrennsløypene på Bondalseidet.

Likeeins har Hovdebygda IL vore deltaktig i den omfattande omlegginga og utvidinga av langrennstadion, lysløypa og Åmskarløypa.

Hovdebygda, 06.02.2016

Guttorm Øye

HIL-ski sportsleg leiar www.hovdebygdail.no

Frå siste langrennstreninga sesongen 2015, og vi gjorde anna enn berre trene på langrennski.



Siste rennet i 2015. Rulleskirenn i november i Sparebank1-cupen.



Ein fin bukett HIL-jenter på pallen.





Ingvild Øye avslutta junior åra med eit skøyterenn i Harstad heilt i Norgestoppen. Tilsaman vart det 42 NM/Norgescuprenn , derav 17 plasseringar innan top-10, med 2. og 3. plass som beste resultat.



10-12 års gruppa på trening på Bondalseidet



Skikveld har vorte ein årleg tradisjon. I november 2015 vart det fokusert på langrennsutstyr, smøring av ski og trening.



Vegard vart vinnar av Sparebanken Møre-cup 2015.



HIL gjengen på renn i Valldal, vi var det laget som hadde flest deltakere av alle lag i Møre og Romsdal.



17. mai i år vart vi med i Folketoget. 40 gjekk bak HIL-fana.